

Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091 Majorstuen

0301 OSLO

Jølster, 15. september 2014

Sak nummer: 200904486 og 201202273

## HØYRINGSUTTALE FRÅ KVAMSFOSEN OG EIKÅS GRUNNEIGARLAG

### Konsesjonssøknad frå Sunnfjord Energi AS og Nordkraft AS - utbygging av Jølstra

Uttalen tek opp desse tema:

- Søknader / KU-rapportar
- Rafting
- Elvepadling
- Politisk handsaming av konsesjonssøknadane
- Konklusjon

### Søknader / KU-rapportar

Det er lite skilnad på dei to rapportane, og konklusjonane er sammenfallande. Det er likevel nokre moment som bør kommenterast:

### Inntak, massedeponi og dyrka areal

1. Ved å heve vannstanden i Jølstra vert noko av arealet på nordsida utsett for heva grunnvannstand. Her bør det nyttast tunellmasse til å heve terrenget for å unngå forsumping og overfløyming.

2. Veg langs elva fram til terskel: I rapportane er det peika på at denne vegen vil krevje 4 da dyrka areal. Ved å nytte arealet som i dag ligg mellom elvebarren og dyrka areal, og som er å betrakte som eit attgroingsareal, vil ein få ein god veg både til dyrkaarealet og fram til terskel utan å benytte dyrka areal.

3. Massedeponi ved inntak: Her er det skilnad på dei to søknadane. Nordkraft har avtale med grunneigarane. Sunnfjord Energi skriv i søknaden at grustaket i området er nedlagt. Det er ikkje rett, og både grunneigarane og entrepenør har interesse av å drive grustaket vidare, men avviser ikkje å nytte grustaket til massedeponi. Det synest unødvendig å måtte erverve 70 da til dette formålet.

**4. Massedeponi Moskog:** Nordkraft har avtale med grunneigarane om alternative deponiområde, og har hatt kontakt med Jølster kommune om behov for tunellmasse. Sunnfjord Energi opplyste under synfaring på Moskog 26.august 2014 at det var inngått avtale med Jølster kommune om deponi, dette står også i søknaden side 23. Ordførar Klakegg benekta dette, og stadfesta at det ikkje føreligg noko avtale. Grunneigarlag meiner at tunellmassane er ein ressurs som bør nyttast på ein god og fornuftig måte i området. Dei gardsbruken som avstår areal til kommunale utbyggings- formål, treng tilgang til erstatningsareal for vidare og framtidsretta drift. Det er difor ei god løysing om noko av tunellmassane kan disponerast til opparbeiding av nye jordbruksareal.

## **Rafting**

Rafting har fått ein stor plass i KU-rapportane, og er tillagt stor vekt, særleg i den vidare handsaminga i kommunen.

På NVE sitt folkemøte 16. juni 2014 vart det reist eit forslag om at det burde vore føreteke ei granskning av kva konsekvensar raftinga har for reiselivet i området. Det vart også opplyst om omfanget av aktiviteten og kva andre aktivitetar selskapet Jølster Rafting tilbyr. I KU-rapportane står det at rafting føregår frå slutten av april til byrjinga av oktober (pers.meld. Per Tysse), og at Jølster Rafting guidar drygt 1500 personar gjennom elva pr. sesong, og at talet er aukande.

Grunneigarlag har sommaren 2014 føreteke teljing/observasjon av rafting/padleaktivitet i det området av elva som vert berørt ved ei utbygging. Teljing/observasjon ligg innanfor at ein minst har fått med 30 % av den aktiviteten som føregår. Første flåte vart observert siste veka i mai. Fram til 10. september 2014 er det observert 39 flåtar med 217 personar utanom guidane.

Dersom ein ser på rekneskapen til selskapet, er det også sterke indikasjoner på at omsetnaden og antall betalande ikkje samsvarer med det som er oppgjett i KU-rapportane. Det er også eit fakta at selskapet raftar i andre deler av Jølstra – t.d. i Førde under Førdefestivalen.

## **Elvepadling**

Som for rafting er det også føreteke teljing/registrering av padlarar sommaren 2014, utan at ein kan legge fram same data som for rafting. To gonger er det sett padlarar som går på land (3 + 2) og observerer elva, men om desse sette kajakk /kano/brett på elva er ikkje registrert. Det er observert 4 padlarar på veg ned elva ved Slåtten, og 3 i dammen ved Stakaldefossen. I september er det observert padlarar ved Vassenden, truleg skuleklassar sidan dei hadde med seg buss.

Vår påstand er at utifrå det vi i tidlegare år har sett av aktivitet i Jølstra, og det vi no veit etter registreringane sommaren 2014, så må opplysningane om aktiviteten rafting/elvepadling nytta i KU-rapportane vere feil. Om ønskjeleg så kan våre registreringar dokumenterast.

### **Politisk handsaming av konsesjonssøknadane.**

Frå 2008 og fram til hausten 2011 var det eit samarbeid mellom grunneigarane og Sunnfjord Energi om planer for utbygging i Jølstra. Det vart difor i fellesskap søkt om fritak frå Samla Plan for eit prosjekt frå Jølstravatnet til Movatnet, og det vart gjett fritak for strekninga Tongahølen til Movatnet (Sunnfjord Energi sin søknad, side 26 – kap.2.12)

Jølster kommune har vore kjende med saka sidan 2008. Ved handaminga om krav til KU-program meinte Jølster kommune at heile elva frå Jølstravatnet til Movatnet skulle utgreia. Etter at det ikkje vart oppnådd semje mellom Sunnfjord Energi og grunneigarane om vederlag for fallet, og det vart utarbeidd to prosjekt som no begge er konsesjonssøkt, har Førde og Jølster kommunar vore kjende med saka gjennom møte og informasjon frå utbyggjar/grunneigarar.

Frå grunneigarane har det vore invitert til ei brei, balansert og objektiv handsaming, mellom anna i brev frå advokat Ulf Larsen til medlemmane i Førde bystyre og Jølster kommunestyre 8. august 2012. At ein så opplever at enkelte partigrupper føretrekker å få informasjon frå berre ein av aktørane, er skuffande. Konsekvensen er at det blir fatta vedtak på sviktande grunnlag.

Jølster kommune behandla 9. september 2014 saka ang. Høyringsuttale vedkommande konsesjonssøknad.

I sakshandsaminga utarbeidd av rådmannen står: sitat ” I denne saka vurderer administrasjonen at det er vanskeleg å skilje mellom kva konsesjonssøknad som best vil ta vare på grunneigarane sine rettar. Administrasjonen er ikkje kjend med kva avtale dei to utbyggjarane har med grunneigarane for dei respektive fallrettane, og kan derfor vanskeleg vurdere kva utbyggjar som samla sett best tek i vare grunneigarane sine rettar og inntekter”, sitat slutt.

På vegne av dei private falleigarane sende advokat Ulf Larsen 29. august 2013 brev til NVE med oppfordring om å prioritere vidare konsesjonsbehandling av prosjekta i Jølstra. I dette brevet side 3 og 4 er det grundig gjort greie for hovedtrekka og kompensasjon for fallrettar i avtala mellom Fjellkraft A/S (no Nordkraft) og falleigarane.

Dagen etter, 30. august 2013, var det avhelde møte i Førde der ordførarar og rådmenn frå Jølster og Førde kommunar, Sagen og Grotle frå Fjellkraft og Østenstad og Støfring samt advokat Larsen som representerte falleigarane, møtte.

I møtet vart det gjeve grundig informasjon til dei to kommunane om alle tilhøve i utbyggingsplanane. Brevet som var sendt til NVE 29. august 2013, vart i papirversjon overlevert til begge kommunane av advokat Larsen. Brevet vart også sendt elektronisk til begge kommunane, og kom på postlista til Jølster kommune 20. september 2013, etter at det vart etterlyst hos ordføraren av Østenstad.

Kommunestyrrerepresentant Inger Lind Aasen stilte i kommunestyremøte 9. september 2014 spørsmål om kvifor vederlag for fall og grunneigarane sine interesser var så lite teke opp i saksutgreiinga. Ordføraren hadde eit lengre innlegg om sin omtanke for grunneigarane, og opplyste at han kjende til avtala mellom Fjellkraft og grunneigarane. Rådmannen svara at han ikkje kjende innhaldet i avtala, og difor vanskeleg kunne gje noko råd eller vurdering av effekten av avtala.

Det synest som dette mildt sagt er ei merkeleg behandling av ei viktig sak frå leiinga i Jølster kommune, utifrå den informasjon som har vore presentert og gjort kjend.

På vegne av grunneigarane beklagar vi på det sterkaste at opplysningane som er kjende vert heldne tilbake. Det var fullt mogelg å gjere kommunestyret kjende med hovedtrekkene i avtala, dersom ein ønskte det.

Det bør også peikast på at det førekjem faktafeil i søknaden frå Sunnfjord Energi, og at dei er med i saksutgreiinga frå Jølster kommune: Sunnfjord Energi kap. 5.2 Eigedomstilhøve side 39: Rett tal på eigedommar skal vere 37, sjå Nordkraft sin søknad side 21. Det er vidare feil i Jølster kommune si saksutgreiing ift Nordkraft sin søknad; 52,2 % er feil, Nordkraft disponerer ca. 93,5 %, sjå deira søknad kap.1.2, side 4.

Utifrå den diskusjon som har vore både mellom politikarar og folk flest, har det meste dreia seg om kva prosjekt som skulle få konsesjon. Ein sakleg og god debatt kring negative og positive verknader av ei eventuell utbygging , og drøfting av konklusjonane i KU-rapportane har stort sett uteblitt.

Høyringsuttalane frå Førde og Jølster kommunar kan oppsummerast frå Førde formannskap si handsaming, der representanten Haugsvær uttalte: "Vi støttar aksjonærane", og representanten Stuhaug: "Eg tek på meg aksjonærhatten", sitert frå avisa Firda 13/9 2014. Dette syner kva som vert vektlagt.

Med den kjennskap vi har til den politiske handsaminga av saka og høyringsuttalen frå Jølster kommune, er det på vegne av grunneigarane nærliggande å be om at NVE i stor grad ser bort frå Jølster kommune sin høyringsuttale. Grunneigarane er rysta over slett sakshandsaming av det som er ei stor og viktig sak for framtida til innbyggjarane i kommunen. Det er å forvente at kunnskapen som leiinga i kommunen har om ei saka, også kjem fram i saksutgreiinga. Det visest her til brev til NVE frå advokatfirmaet Lund & Co DA av 19. oktober 2012 med bilag, og 29. august 2013 med bilag.

## **Konklusjon**

Kort oppsummert synest det klårt at det må gjevast klarsignal til utbygging av Jølstra. Vidare at det må gjevast konsesjon til utbyggingsalternativet til Nordkraft. Denne utbygginga vil verte realisert så fort at det vil bli kraftproduksjon innen 2020, og såleis skape store verdiar både for regionen og grunneigarane.

Med avtale frå samtlege grunneigarar, både når det gjeld fall og arealdisponering, meiner grunneigarane at NVE må vektlegge dette svært sterkt. Viser også til høyringsuttale frå advokatfirmaet Lund & Co DA av 12. september 2014, på vegne av grunneigarane.

Med venleg helsing

Arbeidsutvalet for Kvamsfossen Grunneigarlag og Eikås Grunneigarlag

Alf Støfring

Otto Leif Østenstad

Audun Kjeilen

Eili Sidsel Slåtten